



## Notat

Dato: 08.06.2018  
Arkivsak: 2017/4411-19  
Saksbehandlar: kjedoss

---

Til: Fylkesutvalet

---

Frå: Fylkesrådmannen

---

### Oppfølging av budsjettvedtak om seriøsitets- og lærlingkrav

I fylkesbudsjettet for 2018 gjorde fylkestinget følgjande vedtak om betre innkjøpsreglar i fylkeskommunen:  
«*Fylkestinget ser at Hordaland må bidra i kampen for eit seriøst og anständig arbeidsliv, samt sikre fleire yrkesfagselevar lære plass. Difor skjerpar fylkeskommunen krava til eigne innkjøp. Det innføras eigne seriøsitets- og lærlingkrav etter den såkalla Oslo-modellen.*»

Oslomodellen er i hovudsak knytt til bygg- og anleggsbransjen, og fleire av krava gjeld berre denne bransjen. Det er likevel presisert at tre av kontraktskrava skal gjelde uavhengig av type kontrakt. Dette er krav til løns- og arbeidsvilkår, krav til at løn vert innbetalt til konto og krav til at oppdragsgjevar sin leverandør handlar inn varer og tenester til kontrakten ved bruk av bank, og ikkje kontantar.

Krav til løns- og arbeidsvilkår har i lengre tid vore ein del av kontraktane til einingane i HFK, og det er teke med krav til lærlingar i samsvar med gjeldande retningsliner.

Nedanfor følgjer ei kort oversikt over korleis eigedomsavdelinga, Bybanen Utbygging, Skyss og innkjøpsseksjonen har følgt opp Oslomodellen spesielt.

Eigedomsavdelinga har tilpassa krava i Oslomodellen til lokale tilhøve i Hordaland. I tråd med intensjonen i vedtaket frå fylkestinget er krav til fagarbeidarar og lærlingar implementert i sin heilskap. Kontraktvilkåra er tekne i bruk frå februar 2018.

Bybanen Utbygging har tilpassa krava i Oslomodellen til lokale tilhøve i Hordaland. Kontraktvilkåra er implementert i eit eige vedlegg som ligg i deira kvalitetssystem, og som vert nytta ved gjennomføring av konkurransar.

Skyss har i liten grad tilpassa sine avtalar til Oslomodellen, då deira innkjøp ikkje er knytt opp mot bygg- og anleggsbransjen. Krav til løns- og arbeidsvilkår og til lærling allereie implementert.

Innkjøpsseksjonen held på å implementere Oslomodellen i sine reviderte malar, og vil inkludere dei reglane som ikkje gjeld eksklusivt for bygg og anlegg. Dette arbeidet er knytt opp mot at HFK har fått nytt konkurransejennomføringsverktøy og at fellesmalar blir tilpassa til bruk i konkurransar saman med Sogn og Fjordane fylkeskommune. Arbeidet vil vere ferdig i juni 2018. Fleire av krava som blir inkluderte i standardavtalen vil vere markerte, og må vurderast ut frå den konkrete avtalen.

